



Fylkesmannen i Hordaland

Sakhandsamar, innvalstelefon
Anniken Friis, 5557 2313
Gry Walle, 5557 2332

Vår dato
21.09.2015
Dykkar dato
22.05.2015

Vår referanse
2015/7201 561
Dykkar referanse

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Fråsegn til søknad om konsesjon til bygging av Austdøla kraftverk, Ulvik herad

Fylkesmannen i Hordaland meiner Statkraft Energi AS kan få konsesjon til bygging av Austdøla kraftverk. Ein eventuell utbygging bør skje utan bygging av ny veg.

Vi viser til søknad om bygging av Austdøla kraftverk. Statkraft ga ei orientering om prosjektet i møte i Statens hus 19. august 2015, der fylkesmannen, fylkeskommunen og regionale organisasjoner var inviterte.

Bakgrunn

Osavassdraget omfattar elvane Austdøla og Norddøla, som renn saman nokre hundre meter før utløpet i Osafjorden. Austdøla er tidlegare påverka ved overføring av øvre del av nedbørsfeltet til Lang-Sima kraftverk, gjennom regulering av Langvatnet og Rundavatnet. Lang-Sima kraftverk produserer om lag 1200 GWh, som er 1 % av total energiproduksjonen i Norge.

I 2010 vart det meldte Statkraft om oppstart for utbygging i Austdøla, eit prosjekt som omfatta Viermyr kraftverk og Austdøla kraftverk etter to ulike alternativ. Det vart fastsett utgreiingsprogram i tråd med krava i KU-forskrifta etter plan- og bygningslova, og det vart utarbeidd fagrapportar i tråd med fastsett utgreiingsprogram. I ettertid vart utbyggingsplanane endra og reduserte. Statkraft søker no om konsesjon for Austdøla kraftverk i eitt alternativ. Det er lagt inn større minstevassføring enn i forhåndsmeldte prosjekt. Det er berre den hydrologiske rapporten som er oppdatert i høve til nye utbyggingsplanar, og konsekvensutgreiinga som følgjer med søknaden har difor avgrensa relevans, slik Fylkesmannen forstår saka.

Konsekvensane ved tiltaket er skildra i konsesjonssøknaden kap.12, som er søker sin eiga vurdering og omtale av dette. Søker meiner at konsekvensane for fisk, ferskvassbiologi, terrestrisk miljø, biomangfald, raudlistearter, landskap og friluftsliv gjennomgåande er mindre negative enn det som kjem fram i fagrapportane, då desse er baserte på opphavlege utbyggingsplanar.

Søknaden framstår som uoversiktleg, og forvirrande for høyringspartane. Møtet som Statkraft arrangerte om prosjektet var difor nyttig, men Fylkesmannen meiner NVE burde sett strengare krav til utforming av søknaden når det gjeld presentasjon av konsekvensar.

Tilhøvet til kommunale og regionale planar

Planområdet ligg i LNF-område i gjeldande kommuneplan for Ulvik herad. Det ligg i ytterkanten av område av verdi for villreinen. Planområdet vert omfatta av Regional plan for Nordfjella og gjeldande Fylkesdelplan for Hardangervidda (2011 – 2025), der utbygging kjem innafor omsynssona for villrein.

I Fylkesdelplan for små kraftverk i Hordaland (2009 -2021) er planområdet registrert med følgjande regionale og nasjonale verdiar:

- Lakseførande strekkje i Austdøla: ”stør verdi”
- Osafjellet: regionalt friluftsområde, ”middels verdi”
- Røykjafossen: avmerka på kjeldekart for reiseliv.
- Osafjellet: sårbart høgfjellsområde, ”stør verdi”.
- Fjordlandskapet: ”stør verdi”.

Om tiltaket og konsekvensar for natur og miljø

Utbygginga vil påverke elva Austdøla som renn gjennom Austdalalen. Ein vil regulere Øvre og Nedre Austdølsvatn og eit tjern aust for desse for å etablere eit nytt magasin, Ausdølvatn. Dette skal fungere som inntaksmagasin for kraftverket. Magasinet får HRV på kote 912 og LRV på kote 904. Vatnet skal gå i sjakt 360 m og tunnel 300 m ned til stasjonen som skal ligge ovafor Osa tettstad på kote 190. Deponering av massar vil skje i Osa, på eksisterande grustak. Søkjar viser til at massane kan bli brukt til kommunale føremål. Kraftstasjonen er lagt ovafor den lokalt viktige Røykjafossen, slik at denne ikkje vert direkte berørt. Kraftverket vil produsere om lag 33 GWh pr. år.

Ny utbygging vil gi redusert vassføring i elva mellom Austdølsvatnet og utløpet av kraftverket. Dei nedste 900 m av Austdøla er anadrom. Utløpet av Austdøla kraftverk er oppstraums vandringshinderet, og det skal installerast omløpsventil. Det er foreslått å sleppe minstevassføring på lakseførande strekkje på 500 l/s om sommaren (1/6 – 30/9) og 150 l/s resten av året.

Utbyggjar meiner at redusert vassføring vil føre til nokre negative konsekvensar for stasjonær aure i Austdølsvatna og vasstilknytta fauna og flora i Austdalalen. Når det gjeld anadrom trekkje i nedre del av Austdøla meiner utbyggjar at reguleringa vil føre til meir stabil og høgare vassføring om vinteren, og slik truleg vil kunne betre tilhøva for overleving av rogn og produksjon av laksefisk i Austdøla. For ikkje anadrom strekkje vil tiltaket i følgje utbyggjar få *liten negativ konsekvens*, og anadrom strekkje *liten positiv konsekvens*.

Dei fleste registrerte naturtyper og viltlokaliteter i dalen vil ikkje bli berørt, då vassvegen vil ligge i fjell mellom Austdølsvatna fram til kraftstasjonen. Konsekvensar for terrestrisk miljø (flora, naturtyper og fauna) er sett til *middel negativ*.

Utbyggjar vil oppgradere eksisterande veg opp Austdalalen, og bygge ny anleggsveg frå denne omlag 1 km inn til dam ved vestre Austdølsvatnet. Vegen vil bli lagt utanom registrert område naturtypen *kalkrike område i høgfjellet*. Utbyggjar peiker og på alternativet med helikoptertransport i staden for ny veg. Bygging av dam og veg vil verke inn på landskapet. Utbygginga vil gi redusert vassføring i 3 km lang elvestrekning. Ein vil koble seg på eksisterande 22 kV kraftline som går frå Osa gjennom Austdalalen, men denne må forsterkast med større tverrsnitt. Utbyggjar meiner at tiltaket vil få *middel negativ konsekvens* for landskapet ved Austdølvatna.

Utbygginga vil føre til bortfall av 0,02 km² inngrepsfri natur i sone 2, men vil ikkje føre til ny fragmentering av slike areal. Bortfall av INON-område er sett til *liten negativ konsekvens*.

Osafjellvegen opp Austdalen er ein mykje nytta innfallsport til Osafjellet, som er ein del av Hardangervidda. Området vert mykje nytta i samband med friluftsliv og opplevelingsturar, både oppe i fjellet og langs vassdraget, der mellom anna Røykjafossen er eit viktig element. Det ligg ei hytte ved Austdølsvatnet som vert nytta av lokalt reiseliv. Osafjellvegen vert brøya av kommunen kvar vår. Vegen skal haldast ope i helgene sommar og haust, og det skal informarast om eventuelle kortvarige stengingar i samband med bygginga. Utbyggjar peiker på at inngrepa er små samanlikna med kraftlinja Sima-Samnanger på 420 kV som går gjennom området, sjølv om summen av inngrep vil auke. Konsekvensane for friluftsliv er sett til *liten negativ*, og reiselivet til *liten – middels negativ*.

Forslag til minstevassføring og installering av omløpsventil er framstilt som vesentlege avbøtande tiltak. Ein vil vurdere seinare fleire tiltak for å betre gytetilhøva i samband med utbygginga. Utbyggingsområdet kan vere utsett for ras og skred. Dette må vurderast nærmare i samband med detaljplanlegginga. Utslepp og tiltak for å hindre forureining i vassdraget vil også vere eit viktig tema.

Samla belastning

Utbyggjar viser til at tiltaket er marginalt sett i samanheng med eksisterande inngrep knytt til Eidfjord-Nord-utbygginga og ny 420 kV line. Det vert elles vist til at det ligg føre planar for overføring av to bekker til Rundavatn. Desse drenerer i dag til Norddøla, og møter Austdøla rett for utløpet i Osafjorden. Fylkesmannen er ikkje kjent med desse planane.

Fylkesmannens merknader

Berre eventuelle konflikt områder er omtala.

Fisk

Vassføring på lakseførande strekkje vert i snitt uendra frå dagens situasjon. I hovudsak vil endringane i vassføring bli noko auka vintervassføring, og noko redusert vassføring starten av snøsmeltinga og seint på hausten.

Vassføringsregimet i vassdraget er i dag rekna for den størst flaskehalsen for fiskebestandane. Det er til tider særskilt låg vassføring i Austdøla, noko som resulterer i auka dødelefeit på ungfisk og truleg stranding av gytegroper. Oppvandringsmøglegheitene for gytefisk er periodevis redusert, og smoltproduksjonen er truleg monaleg redusert grunna tidsvis sterkt redusert vassføring.

Austdøla kraftverk vil etter vårt syn sannsynlegvis ikkje forverre forholda for anadrom fisk i Austdøla. Vintervassføringa vil verte noko auka etter utbygging, dette vurdere vi som positivt for laks og sjøaure i Austdøla.

Landskap, flora og fauna, friluftsliv og reiseliv

Fylkesmannen kan vere samd i utbyggjar i at tiltaket er marginalt sett i samanheng med tidlegare utbyggingar i Eidfjord. Det reviderte prosjektet er mindre omfattande enn dei som opphavleg var planlagt nå det gjeld omsyn til landskap, friluftsliv, naturtyper, flora og fauna. Vi vil likevel vise til at området har ein ikkje uvesentleg verdi i samband med lokalt og regionalt friluftsliv og reiseliv. Dei negative konsekvensane for desse interessene må vegast

opp mot samfunnensnytten ved å opne for endå meir utbygging i området. Etter vårt syn må brukarinteressene i dette området vektast høgt. Vert det opna for utbygging, bør bygging av demning skje med helikopter. Det vil spare området ved Austdølsvatna for ny vegbygging.

Framtidig vilkårsrevisjon

På møtet 19. august viste Statkraft til at prosjektet er marginalt, men at det kan vere eit godt prosjekt sett i lys av komande vilkårsrevisjon av dagens anlegg knytt til Eidfjord Nord. Ein slik prosess vil truleg ha som mål å sikre høgare og meir stabil vassføring i Osavassdraget og Bjoreio.

Etter vårt syn er det viktig at ein eventuell konsesjon til Austdøla kraftverk ikkje sett føringar for eventuell endringar av manøvreringsreglement ved revisjon av eksisterande konsesjon.

Konklusjon

Fylkesmannen meiner tiltaket kan få konsesjon. Tiltaket bør gjennomførast utan bygging av ny veg. Manøvrering reglement til Austdøla kraftverk må ikkje leggje føringar for eventuelt nytt manøvreringsreglement for Lang-Sima overføringane.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljøvernssjef

Anniken Friis
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:

Miljødirektoratet
Hordaland fylkeskommune
Forum for Natur og Friluftsliv i
Hordaland v/ Bergen Turlag
Ulvik herad

Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Postboks 7900	5020	Bergen
Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Skeiesvegen 3	5730	Ulvik